

Fra: Arne Apold <aapold@c2i.net>  
Til: hordaland@egroups.com <hordaland@egroups.com>  
Dato: 18. april 1999 21:42  
Emne: [hordaland] Bergen Mållag og høgnorsk.

## Vedrørande Bergen Mållag og høgnorsk.

Som ansvarleg for artikkelen om høgnorsk og det nasjonale i medlemsavisa til Bergen Mållag, skal eg svare Lars Bjarne Marøy. Men først kan det vere greitt å ha med utgangspunktet for diskusjonen. Følgjande sto på trykk i medlemsavisa til Bergen Mållag, Bergensmål:

Høgnorsk og det nasjonale

kan verte tema for ein diskusjon på debattforumet KK-forum på internett. Med utgangspunk i eit seminar som Volda og Ørsta målungdom vil arrangere om Ivar Aasen og høgnorsken, skriv Oddmund Garvik mellom anna "...nett no går det føre seg ein krig som også handlar om "det Høge". Same kor ein snur og vender på det. Den serbiske offensiven i Kosovo (...) har liknade idear som leidetråd."

Kvifor lansere ein "Høgnorsk" grunna på den avlegse 1917-normalen, som framtida for det nynorske språket" spør Oddmund Garvik. Før han avslutningsvis hevdar at "...Høgnorskdagane i Volda er nok ein spiker i kista til det nynorske. Ei krampaktiv avsporing for å sleppe å stille spørsmål ved framtida til det norske språket i det heile teke."

Representanten frå Volda og Ørsta målungdom lovar å kome attende med svar.  
Diskusjonen burde vere av interesse for fleire.

PS KK-forum finn ein enklast ved å søkje på stikkordet "KK-forum"

For ordens skull: Bergen Mållag som organisasjon tar ikkje standpunkt til høgnorsk, eller arrangementet i Volda. Når eg valde å ta med utdrag av det Oddmund Garvik skriv, er det kort og godt omkring høgnorsk vil vere av interesse for fleire.

Stutt mitt eige språksyn. Eg skriv nynorsk fordi det er det språket eg er oppvachsen med, det var det språket eg først lærde å skrive. Ikkje ut i frå eit syn på nynorsk som eit språk som i seg sjølv er betre enn andre. Men samstundes har nynorske i mange år vore ein del av identiteten min og det å halde fast ved nynorsken slik eit mål i seg sjølv.

Mange av dei eg i dag arbeider i lag med, på ein av dei større arbeidsplassane i Bergen har nynorsk bakgrunn.

Folk har halde fast ved nynorsken gjennom mange års skule-gang. Men etter nokre år på arbeidsplassen skiftar

dei fleste til bokmål. Tilsvarande veit ein at mange skifter frå nynorsk til bokmål ved overgang til vidaregåande skule/høgskule. Ein kan spørje seg om dette ikkje er eit større trugsmål mot nynorske enn nokre tapte nynorsk-klassar, men viktigare i denne samanhengen er årsakene til at folk byter språk. Eg trur dette mellom anna har med framandgjering å gjøre, at ein ikkje fullt ut kjenner seg heime i eige språk, at nynorsken etter kvart vert noko

litt uvant, noko ein ikkje heilt meistrar. Litt bondsk, kanskje. Ikkje slikt ein tar med seg når ein skal forhalde seg til folk med ein viss posisjon. Er så svaret på dette ein høgnorsk som dei fleste vil oppleve som enno meir fjern, unaturleg? Vil det språket Lars Bjarne er talsmann for auke sjansane for at fleire held på nynorsken? Eg trur snarare svaret er tvert om.

Høgnorskfolka står etter det eg kan sjå for eit syn på språket som noko som er fastlagt ei gong for alle. Etter kvart vert då språket meir enn stivt. Og tungt. Språk er for meg eit arbeidsreiskap, ikkje eit mål i seg sjølv. Som andre reiskapar må det sjølvsagt haldast ved like, og utviklast. Men det høgnorskfolka gjer er etter mitt syn det tvert motsette: Dei går attende til språket som det var for 100 år sidan, og seie at slik skal det vere, for all tid. For enkelte synest det vere eit mål i seg sjølv å leite opp gamle ord som ingen elles brukar, til dømes har eg sett leiinga i Volda/Ørsta Målungsdom omtalar seg sjølv som stjodni! Kva ønskjer dei å oppnå med dette? Skal folk måtte bruke ordbøker for å forstå kva dei skriv? Eg veit ikkje kva som er prosjektet til høgnorskfolka. Meiner dei vi alle skal skrive som dei? Eller er målet eit språk som inkluderer dei få, men samstundes ekskluderer dei mange?

Den høgnorsken som Lars Bjarne med fleire fremjar, er eg redd for er med på å fremje/styrke fordommar mot oss målfolk. Vi vert nokon særlingar/fanatikarar som lever i ei anna verd enn der folk elles er. Høgnorskefolk grev grøfter mellom det språket dei sjølv nyttar, og språket folk elles kjenner seg heime i. Kanskje oppnår dei slik sjølv ein viss personleg tilfredsstilling. Om det tener nynorsken er eit anna spørsmål.

Arne Apold.

---

@Backup - #1 Online Backup Service Free for 30 days INSTALL now and win a Palm Pilot V! <http://clickhere.egroups.com/click/137>  
 eGroup home: <http://www.eGroups.com/list/hordaland>  
 Free Web-based e-mail groups by [www.eGroups.com](http://www.eGroups.com)

**Fra:** LARS BJARNE MARØY <lbmaroy@c2i.net>  
**Til:** hordaland@egroups.com <hordaland@egroups.com>  
**Dato:** 19. april 1999 09:49  
**Emne:** [hordaland] Kvifor nynorsk ?

---

Arne skal ha stor takk for at han vil gå inn på realitetane i det ordskiftet han la upp til.

Eg skal svara langs den klassiske spursmålsrekka kvifor,kva og korleis. Dei svar ein gjev på desse spursmåli vert avgjerande for dei tankane ein gjer seg um nynorsk og målarbeid etter mitt syn. I målrørsla finst det ei rad miljø både faglege og sosiale som kjempar um prestisje. Dei umgrep me nyttar er knytt til verdiar. Umgrep som høgnorsk,moderne nynorsk,arbeidsspråk,levande språk kann tyda vidt forskjellige ting for oss. Utfrå dei vanane me tileignar oss gjenom eigen språkbruk og språkleg samhandling med andre. Difor hev eg og nokre av dei andre i høgnorskrørsla ynskt å tematisera kva me legg i språkbruken vår,og um det er ting ved tenkjingi vår som leider oss og målrørsla framver. Det hev me gjort av di me vil opna upp for ordskifte både med målfolk, og med folk utanfor målrørsla. Soleis er det fint at det kjem innspel frå td. Arne.

### 1Kvifor driva målarbeid ?

Dette spursmålet er det viktigaste og det vanskelegaste. Det er det som skapar mest diskusjon i målrørsla ved alle krossvegar. Men det ser ikkje ut til å valda Arne serieg mange vanskar.

Nynorsk ein del av identiteten min av di eg hev skrive nynorsk i alle år,slær han fast.

Dette er vel noko alle i målrørsla kann vera samd um. Men er det den viktigaste grunngjevingi å lansera andsynes andre ? Er det nok ? Kva er det me vil konkret med arbeidet vårt. Nynorsk hev status som offisielt riksmaål. Det vil segja at målet hev ambisjon um å koma i plassen for bokmalet. Skal ein uppnå det trengst det ordskifte og konfrontasjon med bokmålsbrukarane. Utan det kann me vel proklamera at nynorsk skal vera minoritetsspråk og driva reint forsvarsarbeid. Skal me få folk med oss må me tora å gjeva provoserande og ambisiøse svar på kvifor-spursmålet. Denne diskusjonen er viktig. Men eg kann ikkje føra han til ende her. Nokre stikkord :  
Eitspråkslina,tvospråkslina,jamstelling,språkleg mangfelde m.m. Poenget mitt er at når Arne skal svara på kvifor-spursmålet problematiserer han det lite eller ikkje i det heile.

### 2 Kva for eit målarbeid skal me driva ?

Kva spursmålet må innebera at ein rettar seg mot den språklege røyndomen ?

Eit umgrep som det er knytt verdiar til. Alle vil vera røyndomsnære. Kva spursmålet må føra med seg både at ein ser kva språklege utbydingar ein stend andsynes, og kva ein vil gjera utfrå kvifor spursmålet. Um ein meiner det er viktig å driva målarbeid utfrå å spreida ei oppfatning,td av vestlandsidentiteten,utfrå sosiale eller nasjonale grunngjevingar,utfrå kjærleiken til språket eller kva som helst elles. Til sjuande og sist må ein likevel ha eit mål um å vinna folk for nynorsk,og utfrå det nyttar ein alle tenkjelege verkemiddel i samsvar med den yvertydigi ein hev um kvifor ein driv målarbeid.

Arne ser sine utbydingar. Me andre ser våre utbydingar i kvardagen. Arne oppsummerar 19.04.99

med at folk som han kjenner skifter språk pga framandgjering,nynorsken vert uvant,ein meistrar ikkje språket. Språket gjev ikkje sosial status.Språket er bondsk.

Den situasjonsskildringi Arne gjev kann me kjenna oss att i. Målbyteproblematikken er eit viktig problem for målrørsla. Men kvifor held nokon fast på nynorsken,trass i alt ? Lat meg freista å setja upp nokre vilkår utfrå ei umvendt tolking av Arne.

Fordi nynorsken stend dei nært i fritidi og i arbeidet,for dei er sterkt vant til nynorsken,fordi dei meistrar språket godt,for di dei trur nynorsken gjev dei sosial status,fordi språket er urbant.

Greider me å uppnå dette kann me altso få folk til å nytta nynorsk. I høgnorskrørsla er me interesserte å gå inn på desse utfordringane. Difor gjer me kvart år ei rad utspel i pressa og på internett og på andre måtar. Dette hev vorte godt motteke av mange i Noregs Mållag. Då Ivar Aasen-Sambandet skipa til normaltalemålskonferanse med innleidrarar som mest alle var aktive medlemer i Noregs Mållag,kom folk frå NM reisande heilt frå Trondheim,Rogaland og Telemark for å vera med.

Eg siterar frå innbydingsbrevet Til Ørsta-samlingi

"Volda og Ørsta Målungdom er sterkt upptekne av at Aasens tankar skal utviklast vidare gjennom opne og fordomsfrie ordskifte. Sjølve meiner me at høgnorsken som er nært knytt til 1917-normalen er det rette grunnlaget for rettskrivingssynet vårt. Men kva meinte eigenleg Aasen ? Korleis kann me føra Aasen-tradisjonen i norsk målreising vidare i dag ? Gjev Aasens tankar kveik til framtidig målarbeid ? "

I høgnorskrørsla er det mange syn på kvifor ein skal driva målarbeid. Men kunnskap til språket og trening i å skriva er noko me legg sterke vekt på. Me hev respekt for språklege fyrebilete. Ikkje berre i litteraturen,men òg i folkeleg ordleidingsmåte. Me trur at gode vanar og kunnskapar um mål og målbruk er til hjelp for alle som vil halda på nynorsken,same kva grunnar dei hev for målvalet sitt.

Me trur òg at det er viktig tematisera kva for verdiar som vert sette til ulike umgrep. Og kva for nokre miljø som fær leggja premissane for diskusjonane i målrørsla. Personleg tykkjer norskfilologane hev ein altfor dominerande plass i målrørsla. Deira språkbruk og tenkjing sperrar for alternative syn og meiningsproduksjon. Eg trur det er ein medverkande grunn til at rettskrivingsordskifte kjem opp so ofte i mållagssamanhang.

Dersom det vert viktigare å diskutera kva ein skal gjera enn kvifor ein skal gjera det, kjem ein etter mitt syn heilt gale ut. Når ein veit kvifor,må ein derimot ikkje nøla med å handla. Ein kann berre vona at dette ordskiftet held fram på ein konstruktiv måte.

### 3 Korleis driva målarbeid ?

Me kann ikkje gjera noko anna enn evt. meldia oss inn i eit mållag.

Er det dette du meiner Arne ? Det kann eg ikkje tru. Det er på tide at me byrjar å markera kvifor me vil ha nynorsk,og tek til å ordskiftast med folk. Lukka til gode vener.

Nokre fyndord frå eit ordskifte i Vestmannalaget til slutt

Nokre fyndord frå eit ordskifte i Vestmannalaget til slutt

Ingjald Bolstad : Ein lyt taka folk som dei er, og ikkje slik dei skulde vera.

Egil Lehmann : Ja, so kann me leggja ned Vestmannlaget og Noregs Mållag og alt i hop. Folket treng tukt. Dei treng oss.

Ingjald Bolstad : Jo, men du vert for krass.

Beste helsing

Lars Bjarne

---

eGroups eLerts! Exclusive discounts on the hottest electronics & Gadgets Join Now!  
<http://clickhere.egroups.com/click/29>

eGroup home: <http://www.eGroups.com/list/hordaland>  
Free Web-based e-mail groups by [www.eGroups.com](http://www.eGroups.com)

**Fra:** Arne Apold <aapold@c2i.net>  
**Til:** hordaland@egroups.com <hordaland@egroups.com>  
**Dato:** 22. april 1999 00:09  
**Emne:** [hordaland] Ein forsvarskamp.

---

Kvífor nynorsk, spør Lars Bjarne, og meiner eg tar lett på spørsmålet. Ein nabo gav følgjande svar på mitt spørsmål om kvífor han skriv nynorsk: "Litt gammal vane, litt stahet". På sett og vis er ikkje mine eigne grunnar så langt unna dette, eg skal prøve å utdjupe litt:

Nynorsken har ein verdi i seg sjølv, som ein del av arven vår. Men om ein berre seier dette åleine, kan ein fort ende opp med språket som ein museumsgjennstand. Språket ein brukar bør ein i tillegg ha andre argument for.

Som eg sa i førre innlegg: Språk har med identitet å gjere. Også dette knytt til arv i tyding av at ein ikkje berre er i kraft av seg sjølv, men og i kraft av dei som har levd før ein. I dette ligg og ei plikt til å ta vare på, om enn etter kritisk vurdering. Ei syster av far min var opptatt av målsaka. Eit av minna frå julafesta då eg var liten knyter seg til at ho alltid retta til fabror og moster om det på lappane skulle stå frå tante eller onkel. Sjølv brukar eg mest dei siste nemningane i dag. Men har tatt med meg hennar syn på nynorsk som viktig.

Språket er eit arbeidsreiskap, eit middel til å uttrykkje tanken. For meg som er oppvaksen med nynorsk er følgjeleg nynorsk det språket eg uttrykkjer meg best på. Slik kjem målsaka og til å handle om demokrati, om retten til å uttrykkje seg på det språket ein meistrar best. Arv, identitet, demokrati.

Er nynorsken undertrykt? Nynorsk er eit minoritetsspråk, men det i seg sjølv er ikkje eit bevis på undertrykking. Men når mange byter til bokmål i vaksen alder er det truleg av andre grunnar enn at bokmålet i seg sjølv er bedre. Det er nærliggande å trekke fram spørsmålet om nynorske læremiddel, ein kan vise til direkte språkleg tvang (pålegg om å skrive bokmål i ulike situasjonar) og ein kan vise til det generelle bokmålstrykket. Den formelle jamstellinga er langt frå etterlevd i røynda. Som ein kuriositet er det elles freistande å trekke fram at siste avis i landet som konsekvent oversette frå nynorsk til bokmål (ei Østfoldavis) først no har sluttat med det. Undertrykkinga nynorsken er utsett for er i seg sjølv er eit argument for å halde på nynorsken. Både for naboen min, og meg sjølv.

Kva så med framtida for nynorsken. Lars Bjarne meiner at vi enten må ha eit mål om nynorsk som einaste riksmål i landet, elles vart kampen ein rein forsvarskamp. Målsak i dag er etter mitt syn ein rein forsvarskamp. Eg har alt trekt fram spørsmålet om målbytte. Utan å kjenne sikre tal, vil eg tru at det er ferre som skriv nynorsk i dag enn kva tilfelle var nokre tiår tilbake. Andre har kanskje tal for kor mange rekrutterar som vel nynorsk? Medlemstalet i Noregs Mållag går attende. Tar eg ikkje heilt feil seier samfunnsvitarar at største folkeveksten i åra framover vil kome i sentrale austlandsområde. Dette er område der nynorsken står svakt. Tettstadene i det heile veks meir enn distrikta. Samkvemet mellom folk aukar, målet i byar/tettstader vil ofte ha høgare status enn omladet, og ungdom tar etter språket på tettstaden (Eks Bergen mot strilelandet) Å drøyme om nynorsk som einaste riksmål i landet vert i ein slik situasjon vert nett det: Ein draum. Parola om å knuse bokmålsvelde er artig. Men etter kvart mest til invortes bruk. Eg er ikkje like fullt ikkje redd for at nynorsken vil døy ut. Nokre av dei beste skribentane eg kjenner til brukar nynorsk. Enkelte stader, som t d Odda ser ein at nynorsken tar seg opp etter nokre tiår med trongare kår. (fenomenet fortener meir omtale, får eventuelt kome attende til det).

Nynorsk kan bli eit elitespråk, eit språk for eit fåtal som meistrar det godt. Og her ligg og litt av mine vanskar med høgnorsken. Det er eit språk som ligg langt i frå det folk flest nyttar til dagen, eit språk for dei få, spesielt interesserte. Ei mogleg utvikling mot nynorsken som eit språk for dei få, vil ta legitimiteten frå språket. I dag kan eg bruke nynorsk på arbeidsplassen min. Men om eg skulle vere den einaste av 600 - 700, ville det vere vanskeleg. For meg som nynorskbrukar er det avgjerande at eg ikkje vert åleine. Skal språket ha legitimitet, må fleire nytta det.

Korleis drive målarbeid? Igjen er Lars Bjarne offensiv ved at han snur det eg skriv om moglege årsaker til målbyte, til å verte eit spørsmål om kva som får folk til å halde på nynorsken. Eit *besnærande* utgangspunkt sjølv sagt, problemet mitt er berre at eg trur ikkje heilt på prosjektet hans. Eg trur ikkje på at den høgnorsken han forfektar vil gjere det lettare å få folk til å halde på nynorsken, eg trur ikkje at vestmennene har svara for framtida. Når eg skriv nynorsk til dagleg, er det og for å vise folk at nynorsken kan brukast. Eg prøver å skrive eit språk som ikkje skal verke uleselag, som ikkje skal stå i vegen for tanken. Eg kan skrive ein litt annan nynorsk når eg vender meg til bokmålsbrukarar enn eg gjer til dømes her. Nynorsken skal takast vare på, brukast, utviklast. Høgnorsken er for meg ikkje svaret på utfordringane vi står ovanfor.

---

SPRING IS HERE - Wilson Sporting Goods! Jet Evolution Basketballs, NFL Autograph Football, Conform Pitcher, Outfielder Glove. Full Selection of golf clubs, skates, water sports, team sports equipment! <http://clickhere.egroups.com/click/146>  
eGroup home: <http://www.eGroups.com/group/hordaland>  
Free Web-based e-mail groups by [www.eGroups.com](http://www.eGroups.com)

Hordaland (@) egroups.com

**Fra:** LARS BJARNE MARØY <lbmaroy@c2i.net>  
**Til:** hordaland@egroups.com <hordaland@egroups.com>  
**Dato:** 22. april 1999 11:06  
**Emne:** [hordaland] Kvifor endå ein gong

---

Arne segjer at arv, identitet og demokrati er viktige grunngjevingar for målarb. Greidt nok. Eg er samd so langt.

Nynorsken er eit riksmål anten ein vil arbeida for jamstelling eller nynorsk som einaste riksmål. Å segja noko anna vil undergrava den formelle statusen nynorsken hev, og um ein gjeng inn for minoritetsstatus for nynorskbrukarane so fær me langt færre juridiske og andre privilegium.

At nynorskbrukarar er undertrykte kann ein segja til innvertes bruk. Men er det eit mål å vera undertrykt og berre protestera i det stille? Ja, på det personlege planet kann det so vera. Men ein kann ikkje etter mitt syn vera so smålåtna i lagssamanheng. Då må ein segja frå kva for ideal ein vil setja i høgsetet. Det er eit spørsmål um verdiar og umgrep. Me må skapa våre eigne verdiar knytt til umgrep som hev tyngd andsynes bokmålsbrukarane. M.a difor er eg for eittspråkslina. Og for ei nasjonal grunngjeving i målstriden.

Undertrykkjungstanken kann kanskje ha noko fyre seg. Men vel ofte er det nok dessutan snakk um redsla for å markera seg. Verksemder i nynorskumråde torer ikkje å nytta nynorsk av di dei ikkje vil stikka seg ut. Nynorskfolk i leidande yrkjespostar torer ikkje å markera seg på nynorsk. Er Harald Stanghelle og Olav Versto undertrykte? Ja, kanskje av eigarane. Men kva med Jens P. Ekornes? Han er jo tjuukk i pengar. Men torer ikkje å nytta nynorsk. Han skal vera pragmatikar.

Når me vil reisa umgrep og spreida verdiane våre kann me ikkje utelukkande sjå fyre oss nynorskbrukarane som undertrykte og vanlege trauste menneske. Det er òg ei rad personar som hev mykje makt. Dessutan gjeld det ikkje minst å visa at dei verdiane me stend for hev ålmenn interessa. Med å samla folk um konkrete tiltak istadenfor å venta på at ting skal gjera seg sjølv og klaga når dei ikkje gjer det, kann me setja fram nynorsken som noko sjølvsagt.

Det hev synt seg at når universitetstilsette som nytta bokmål, men hadde nynorskbakgrunn vart uppmoda um å nytta nynorsk, so gjorde dei det. Det er ikkje alltid so mykje som skal til. Men nokon må meina at nynorsken skal fram på alle umkverve fyrr han kjem fram på nokre umkverve.

Å tematisera kvifor språk er viktig for folk i ymse samanhengar er ein fyrste innfallsvinkel. Språk er viktig i arbeid og frittid for alle nordmenn, men dei tenkjer berre ikkje yver det. Det er som ein segjer i psykologien automatisert. Ein nytta språk utan å tenkja seg um heilt til ein kjem til noko uvant. Noko ein stussar på. Det er vår uppgåva å gjera folk språkmedvitne. Då kann me argumentera for nynorsk.

Dersom me byrjar å reisa spørsmål med bokmålet og upphavet til bokmålet vil me tvinga bokmålsbrukarane til å måtta argumentera for sitt mål. Det er det som skjer når me inviterar bokmålsfolk til å talा i Vestmannalaget. Då byrjar dei å orsaka seg for at dei ikkje nytta nynorsk og ikkje alltid hev like god greida på mål og målsak. Ingen fyredragshaldar kann koma til Vestmannalaget utan å vera klår yver kva laget stend for.

Og alle eg hev hørt tala hev synt age for laget.

Me må reisa ei nynorsk daning. Mange nynorskbrukarar hev oppfatta det som mest udanna å nytta nynorsk i bokmålsumråde. Dersom ein derimot er knytt til ideal innanfor ei nynorsk årmenta td eit miljø som Vestmannalaget er det nynorsken som hev prestisjen. Då må ein forsvara seg um ein ikkje nytta målet i samsvar med dei ideali og den kulturen som laget stend for.

Kvífor spørsmålet er soleis ikkje utdebatert med dette. Itillegg til arv, identitet, demokrati og evt undertrykkjung. Meiner eg at ideal, eittspråksstrategien med grunngjevingar er viktige moment i ein kvífor-diskusjon.

Arne viser til den demografiske utviklingi som fører til tettstadvokster. Dette argumentet hev vore nytta mot nynorsken i 150 år !! Det vil segja at Arne ikkje hev tru på at me kann tematisera språk og setja i gong å diskutera med folk utanfor vår eigi rørsla. Det er i so tilfelle ei ålvorleg kjennsgjerning for oss alle. Lat meg spissformulera : Er me for sidrumpa og likesæle til at me er i stand til nå ut til folk ? Eg kann ikkje tru det.

Arne skriv som um eg vilde innföra høgnorsk med statstvang. I realiteten er det høgnorsk som er fjerna med statstvang. Eg vil ikkje tvinga nokon til å nytta høgnorsk. Derimot argumentera for det. Kvart einaste år kjem det til nye skribentar som skriv høgnorsk eller sympatiserer med målet, meiner Arne at det er fårleg for nynorsken ?

Um svaret er ja, slik eg oppfattar det må eg tillata meg å resonnera vidare.

So langt eg kann sjå må det ha samanheng med at me er usamde um kvífor me skal ha nynorsk. Eittspråksstragien og idealenkjungi mi. Dessutan legg eg mykje vekt på målestetikk. Det viktige for meg er ikkje i for seg høgnorsken i seg sjølv. Målet kann dei som vil tileigna seg yver tid og med rettleiding. Det viktige er kva svar ein hev på kvífor-spørsmålet, og kva praktiske konsekvensar ein tek av det. Det vil segja kva ein gjer av konkret målarb. Men sjølv um folk hev andre svar på kvífor spørsmålet enn meg, kann dei naturlegvis gjera mykje godt målarb av den grunn. Jamvel um dei er usamde i noko eller i alt eg og Arne er samde um.

Eg trur derimot at td eittspråksstragien er grunnleggjande for at nynorsken skal vinna fram på tettstadene. Ein kann naturlegvis argumentera praktisk og pedagogisk mv., men det er ikkje nok i lengdi.

Denne usemjá må det likevel vera viktig å føra vidare um me skal kunna utvikla tenkjungi vår um korleis ein kann driva målarb. ? Og kva ein skal og kann gjera i eit mållag ?

Beste helsing

Lars Bjarne

---

@Backup - #1 Online Backup Service Free for 30 days INSTALL now and win a Palm  
Pilot V! <http://clickhere.egroups.com/click/137>  
eGroup home: <http://www.eGroups.com/group/hordaland>  
Free Web-based e-mail groups by [www.eGroups.com](http://www.eGroups.com)

**Fra:** Arne Apold <aapold@c2i.net>  
**Til:** hordaland@egroups.com <hordaland@egroups.com>  
**Dato:** 25. april 1999 22:04  
**Emne:** [hordaland] Eitt eller to språk?

---

Ein haustdag i 1971 er nokre unge gymnasiastar samla i Øystese. Nokre kjem frå Odda, andre frå Voss, andre stader igjen. På dette møtet vert dei første nynorske lærebokaksjonane planlagt. Seinare går gymnasiastane i Øystese ut i streik for kravet om nynorske lærebøker til same tid og same pris som bokmålsbøker. Med dette var spørsmålet om nynorske lærebøker sett på dagsorden.

På gymnaset i Odda er det ikkje ei sjølvsga sak at vi skal streike. Omlag halvdelen av elevane skriv bokmål, og dette er vel først og fremst ei sak som vedkjem nynorskbrukarane? Men på allmøte vert ein dags streik vedteke.

Sjølv har eg fått i oppgåve å lage framlegg til ein resolusjon, og etter som nynorsk så langt har vore ei sjølvsga sak for meg, må eg gå til ulike løpesetlar og liknande stoff for å finne moment som kan brukast i resolusjonen.

Mange av oss hadde ikkje eit gjennomtenkt tilhøve til nynorsken. Men samstundes var det ei sjølvsga sak for oss at vi skulle kunne skrive nynorsk, at det var vår sjølvsga rett å få lærebøker på nynorsk. Og dette rettferdsperspektivet vann og fram andsynes bokmålsbrukarane. Ikke berre fekk streiken full oppslutnad på språkdelte skular, men etter kvart kom og reine bokmålsskular med i kampen for nynorske lærebøker. Kampen for nynorske lærebøker på -70 talet var ein forsvarskamp for retten til å nytte nynorsk, ikkje ein kamp med perspektivet nynorsk som einaste riksmaål i landet. Eg trur det same kan sefast om kampen for nynorske læremiddel i dag. Men når det er sagt, vil eg og legge til at for mange av oss var dette første møtet med den organiserte målrørsla. Mållaget rekruterte, og det i seg sjølv kan peike framover.

Når Lars Bjarne og eg debatterer om målrørsla bør føre ein forsvarskamp, eller ein offensiv kamp for nynorsk som einaste riksmaål er dette litt av min bakgrunn. Hendingane eg refererer til ligg elles snart tretti år attende i tid. Eg hugsar ikkje alt sikkert. Som eg og må erkjenne at eg kjenner ikkje historia til målrørsla godt nok. I førre innlegg hevda eg at sentralisering fører til at nynorsken må slåst for å forsvare seg. Til dette svarar Lars Bjarne at målrørsla har blitt møtt med det demografiske argumentet i 150 år. Godt mogleg at han har rett i det. Men har ikkje og målrørsla slåst i motvind i store deler av desse 150 åra? Kor langt har ein nådd i kampen for nynorsk som einaste riksmaål. Kva har hindra framgang. Kvar står målrørsla i dag? Etter 150 års målstrid er tida kanskje inne til å tenke etter om det som var ei rett parole for hundre år sidan, bør revurderast i dag.

Som ein måte å nærme seg spørsmålet om kva som er ei rett parole for målrørsla, har eg lyst å ta utgangspunkt i kva målrørsla faktisk arbeider med i dag. Hordaland er største fylkeslaget i Noregs Mållag, det eg veit. La oss derfor sjå litt på målarbeid i ulike lag her. Ullensvang driv ulike former for kulturarbeid, arbeid som rettar seg inn mot vørdrnad for eige språk, eigne særmerke (t.d. ved utgjeving av ei bok med lokale namnetradisjonar). Voss har mellom anna kartlagt det lokale næringslivet sin bruk av nynorsk, og ønskjer truleg ut frå dette å sikre at nynorsk i enno større grad vert nytta, Ulvik Mållag vil skipe eit venelag for Olav H Hauge (interesserte kan vende seg til [biblioteket@ulvik.org](mailto:biblioteket@ulvik.org)) Mange lag deler dessutan ut målprisar. Utmerka og viktig arbeid alt. Men er dette eit arbeid som peikar mot eit langsiktig mål om nynorsk som einaste riksmaål? Eller er det meir nærliggjande å sjå det i ein samanheng der nynorsken må forsvare seg, der dei tradisjonelle nynorskområda må arbeide for at flest mogleg skal sjå

verdien av eige språk. Og halde fast ved dette om/når dei reiser.

Kva så med byane då, det er vel her først og fremst slaget vil stå mellom bokmål og nynorsk. Om vi altså held fast ved målet om nynorsk som einaste riksmål. Bergen Mållag har i dag omlag 55 medlemmer. I ein by med over 200.00 innbyggjarar. I tillegg kjem mållag i Fana, Arna, Åsane og BUL og Ervingen. Og Vestmannalaget. I seinare år har Bergen Mållag arbeid med skulemål og nådd resultat. Men igjen: Dei som vel nynorskklasse på einskilde skular i Bergen er i all hovudsak ungar av nynorskforeldre. Eg ser ikkje noko ved arbeidet vi driv som skulle peike mot eit mål om nynorsk som einaste skriftmål. Eg trur det er ein utopi.

Når ulike foredragshaldarar kjem til Vestmannalaget, må dei og forsvere eigen målbruk, skriv Lars Bjarne. Slik meiner han vi skal konfrontere bokmålsbrukarane med røtene til bokmålet, og sakte men sikkert vinne dei for nynorsken. Om eg forstår han rett. Det er freistande å stille det retoriske spørsmålet om kor mange Vestmannalaget har greidd å omvende så langt. Er det realistisk å tru at ein skal kunne vinne fram denne vegen? Synet mitt på Vestmannalaget og høgnorsken er elles kanskje ein debatt for seg ved sida av spørsmålet om strategi for målrørsla. Ein illustrasjon: Mange som har slektingar i Amerika vil ha opplevd at når dei kjem heim, brukar dei språket som det var for 40 - 50 år tilbake, som det var den gong dei reiste. Dei har ikkje tatt del i språkutviklinga som har vore. Ingen vil seie noko på det. Verre er det når Vestmannalaget synest å vere i same situasjon: Dei held fast ved språket som det var 100 år tilbake, utan å vilje vere med på det som har vore av utvikling seinare. Elles må sjølvslagt Vestmannalaget få lov å leve sitt eige liv. Når eg går såpass hard ut mot høgnorsken som eg gjer, er det fordi eg ser at denne lina har fått gjennomslag i deler av ungdomsmålrørsla. Då føler eg trong for å seie mitt om eit stivna, tungt, avlegs språk. Og eit språksyn som er meir egna til å skremme enn til å trekke folk til målrørsla.

Lars Bjarne likar ikkje å snakke om nynorsk som undertrykt, om eg forstår han rett. Han trekkjer fram kjende folk med nynorskbakgrunn som no skriv bokmål, og spør retorisk om desse er undertrykt. Når kvinnerørsla på -70 talet byrja snakke om at kvinner var undertrykt, vart dei og møtt med tilsvarende argumentasjon. Då som-no er det ei avsporing av debatten. Eg står fast ved det eg har sagt om nynorskbrukarar som undertrykt. Og har dessutan lyst å leggje til at når enkelte bokmålsbrukarar til tider skriv nynorsk i offentleg samanheng, er dette truleg at uttrykk for at og dei har forstått litt av kva det handlar om.

Når eg i førre innlegg sa at nynorsk er eit minoritetsspråk, bør det nyanserast. Lars Bjarne har rett i at vi må for all del ikkje undergrave statusen til nynorsk som eit jamstelt riksmål. Men samstundes er det kanskje berre ein stad mellom 10 og 20 % av folk i landet som skriv nynorsk. I dette perspektivet definerer eg nynorsk som eit minoritetsspråk. Og i forlenginga av det trur eg målrørsla sitt mål bør vere å oppretthalde statusen som eit jamstelt riksspråk.

På kort sikt må vi mellom anna slåst mot målbyte, mot at folk kastar vrak på nynorsken. Vi må slåst for vår eigen rett til å bruke nynorsk, for å vinne respekt for språket. Både mellom nynorskfolk og bokmålsfolk. På lang sikt må ei reell jamstelling vere målet.

## Arne Apold

Show mom you love her. Check out our great Mother's Day Gifts! 14K Gold and gemstone jewelry, leather and cloth wallets and purses, gardening, gourmet, kitchen, more! Free Shipping in the US! <http://clickhere.egroups.com/click/142>  
eGroup home: <http://www.eGroups.com/group/hordaland>  
Free Web-based e-mail groups by [www.eGroups.com](http://www.eGroups.com)

**Fra:** LARS BJARNE MARØY <lbmaroy@c2i.net>  
**Til:** hordaland@egroups.com <hordaland@egroups.com>  
**Dato:** 27. april 1999 14:44  
**Emne:** Nei til høgnorsk og eittspråkslina,men kvifor ??

Arne held fast på forsvarslina i målarbeidet. Han viser til lærermiddelaksjonane på 1970-talet. Dei var ein rettferdskamp for nynorskbrukande skulelevar. Eg tykkjer ein kann sjå det slik at desse aksjonane var ein kamp for dei ideali og den kulturen som nynorskbrukarane stod for.

I stadenfor å senda ungdomen til byen i tidleg alder, fekk ein sytt for at skuletilbodet for mange vart meir heimleg.

Litt historikk. Det hadde vore sers dårleg med skuletilbod for bygdeungdom som vilde taka vidaregåande utdanning heilt fram til kring 1965. På den tidi grodde det fram ei rad vidaregåande skular i nynorskkommunar. Medan dei vidaregåande skulane i stor grad fram til då hadde vore lagde til byane og nytta bokmål, vart det no skular i nynorsk- og nynorskvenlege miljø. Dette var eit produkt av ein statleg politikk med uppbyggjing av regionale sentrum på kostnad av smågrendene. Det må vel òg segjast at fylkeskommunane fekk eit anna syn på utdanning på 1940- og 1950-talet tykte politikarane at det hadde lite fyre seg å byggja opp vidaregåande upplæring i kommunane. Det endra seg. Dette vert berre nokre yverflatiske ytringar frå mi sida.

Arne meiner at det ikkje er noko ved aktiviteten vår i Hordaland Mållag som tyder på at me vil kunna nå målet um nynorsk til einaste riksmål. Han gjev ei rad døme. I so tilfelle vil eg spyrja er det ikkje vår oppgåva å freista å endra på dette. Ja, eg veit eg er ein utopist, men kva er alternativet ?

Ein kann alltid driva forsvarsarb. Men hev ein ikkje nokor grunngjeving for forsvarsarb anna enn td. at ein skal driva på i trass og er tverken, vert det like vanskeleg å motivera dei som hev nynorskbakgrunn til å halda på nynorsken som det vert å motivera bokmålsbrukarar til å skifta til nynorsk. Utan jamlege diskusjonar med bokmålsbrukarane vert det vanskeleg å utvikla ei målpolitisk tenkjing som er i pakt med tidi.

Eg hev ikkje meint at me kann få fleire målfolk ved at bokmålsbrukande fyredragshaldarar heldt fyredrag og lovprisar nynorsken i Vestmannalaget. Det eg derimot vilde ha fram er at dersom me reiser nynorsken som ideal, og utfordrar bokmålsfolk til å grunngjeva målvalet sitt, so fær ein fram kva for språkhaldningar dei hev. Dette er ein offensiv måte å driva målarb. på. Eg hev ikkje analysert dei svari som folk som Olav Garvik, Kjartan Rødland, Per Jon Odeen, Rolf Tofte, men minst two av dei hev gjeve temmeleg flauge svar på kvifor dei ikkje nyttar nynorsk jamnast når dei skriv. Dei nyttar alle nynorsk i visse høve og tri av dei hev nynorskbakgrunn. Ingen av dei hev svara at dei ikkje fær lov eller at dei er undertrykte. Ingen at presseverdi vilde ha gjenge under og Bergens Tidende konkurs. Eg trur det kokar ned til det at dei ikkje hev tru på nynorsken.

No skal det segjast um Vestmannalaget at dei neppe er meir spesielle enn Bergen Mållag og Hordaland Mållag. Både Bergen Mållag og Hordaland Mållag hev vel, so vidt eg veit, invitert bokmålsbrukarar til å halda innleidingar. I farten kjem eg på Willy Dahl og 02.05.99

Ågot Valle. So poenget mitt er meir ålmant enn til berre å gjelda Vestmannalaget. Det er berre det at Vestmannalaget skipar til langt fleire opne møte i Bergen enn dei two andre lagi, difor nemnde eg døme frå Vestmannalaget.

Folk må gjerne snakka um språkundertrykkjing, um det er viktig for dei. Eg tykte Ågot Valle snakka svært instruktivt um kvinnesak på eit møte i Hordaland Mållag i 1995. Ho peika på korleis ein skulde analysera kva interesser mennene hev og kva interesser kvinnene hev. Deretter kjempa for å få sett dei interessone som kvinnene hev på den politiske dagsetelen gjenom politiske diskusjonar med mennene. Å snakka um undertrykkjing meiner eg kann verka sjølvforsterkande. Når kvinnene hev fenge makt er det avdi dei hev fenge viktige samfundsoppgåvor innanfor rettstell, undervisning og helsestell. Dei hev fleirtal innanfor fleire av undervisnings- og helsestellsprofessionane. Dette er two maktbastionar i samfundet.

Parallelen millom likestelling millom kjøn og likestelling i språkvegen er interessant.

Kvinnene hev stridt og strid ein kamp for likeverd. Me hev stridt for at alle skal velja nynorsk. Etter mitt syn burde kvinnene strida for å yvertaka alle maktposisjonar. Driva kjønnskamp istadenfor likestelling. Eg meiner kvinnesak og kampen for eit kvinnekjønsperspektiv er viktigare enn statsfeminisme (lovvedtaksformalisme).

På same måte meiner eg at målrørsla må finna fram til kva me hev interesser for. Kva politiske vedtak er det bokmålsbrukarane fremjar som er til hinder for at folk kann velja nynorsk og for at me kann få dei yverdydde um å velja nynorsk. Kor mange kommunetilsette i Bergen er upptekne av språk? Kor mange journalistar, sjukehustilsette? O.S.B. Kva skal til for at me skal få sett språk på dagsetelen for desse? Å nå ut til slike samansette grupper hev vore og er ei viktig oppgåva for Vestmannalaget. Det difor laget er so kjend som det er. So kann de her på lista hovora yver at me ikkje fenge praktiske resultat greidt nok. Men Vestmannalaget åleine kann ikkje utretta meir enn det målrørsla gjev oss grunnlag for. Me er dimeir ikkje medlem av Noregs Mållag, og kann ikkje henta studnad derfrå. Noko Bergen Mållag derimot kann gjera i rik mun. Elles vil eg understreka at det ofte er målfolk som held innleidingar på møti våre.

Eg meiner at me må segja at språk er fundamentalt viktig for alle. Språk er noko alle må velja i Noreg. Det er noko som alle er upptekne av. Det er me i målrørsla som avgjer kva oppfatningar folk skal ha um nynorsk, og um dei skal ha nokor oppfatning um nynorsk i det

heile teke. Det er soleis all mogleg grunn til å sjå offensivt på arbeidet vårt.

Eg meiner at Vestmannalaget faktisk hev greidt å uppnå ein del med grunnleggjande synsmåtar som at språk er viktig for alle, at alle kann velja språk, at språk handlar um kultur og ideal osb. Um Arne og andre i Bergen Mållag og målrørsla er redd for at td ungdomen kjem til målrørsla og fær liknande syn på det å driva målsak og jamvel byrjar å nyttar høgnorsk, er det vel fordi de ikkje er vane til å tenkja slik som ungdomen gjer. Greidt nok. Men vil de at ungdomen berre skal målast etter dykker idear um kva som er tenleg eller hev de noko å fara med? Til no hev eg berre høyrat at Arne hev snakka um at han ikkje trur på det målet me nyttar, at me er gamaldagse og stivbeinte o.l. Den nedrakkingi er so gammal og velbruka at han ikkje bit på nokon. Ho fører tvert um til framgang for høgnorsken. Eg hev høyrat kvifor du er målmann Arne. Eg respekterar synsmåtan dine. Men kva vil du gjera? Kva framtidsplanar hev du for målreisingi?

Korleis gjeng det forresten med plakatsalet? Me burde vel ha sendt ein til ordføraren, so  
02.05.99

han kunde ha hengt upp på kontoret, tilfelle AP vinn valet.

Lars Bjarne Marøy

                        

/

**Fra:** Endre Otto Brunstad <Endre.Brunstad@nor.uib.no>  
**Til:** hordaland@egroups.com <hordaland@egroups.com>  
**Dato:** 26. april 1999 11:39  
**Emne:** [hordaland] Vestmannalaget con amore

Lars Bjarne skriv:

"Dersom me byrjar å reisa spørsmål med bokmålet og upphavet til bokmålet vil me tvinga bokmålsbrukarane til å måtta argumentera for sitt mål. Det er det som skjer når me inviterar bokmålsfolk til å tala i Vestmannalaget. Då byrjar dei å orsaka seg for at dei ikkje nyttar nynorsk og ikkje alltid hev like god greida på mål og målsak. Ingen fyredragshaldar kann koma til Vestmannalaget utan å vera klår yver kva laget stend for. Og alle eg hev høyrte tala hev synt age for laget."

Gode Lars Bjarne!

Vestmannalaget bruker å ha mange møte der riksmålstalande seniorar held innlegg om eitt eller anna allment emne. Prisverdig i og for seg. Sikkert hyggeleg også, med kaffi og wienerbrød. Men kva konsekvensar får det for innleiarar som Arild Haaland og andre at dei lirer av seg nokre setningar om at dei er leie for at dei ikkje nyttar nynorsk, og så held fram som før? Harald Sæverud gjekk i si tid opp på talarstolen i Hordaland Mållag og sa: "Jeg er også i-målsmann!". Sjarmerande, javel. Og han vart helt blant vestmennene for det - fiendane er som kjent dei andre måfolka, dei som ikkje er medlemer av Vestmannalaget. Medlemene av Vestmannalaget kan derimot tale riksmål i ålmenta - og så evt. kome med nokre reine glosar på møta. Altså drive med filologi - kjærleik til ordet.

Eg har ingenting imot at nynorsk skal verte einaste riksmål i Bergen. Tvert imot. Spørsmålet er berre om Arild Haaland og Vestmannalaget er dei som hjelper oss med slikt.

Men kanskje er der håp no. Vestmannalaget har fått seg ny leiar, høyrer eg!

Best helsing  
Endre Brunstad

---

Endre Brunstad  
Nordisk institutt  
Universitetet i Bergen

26.04.99

**Fra:** Arne Apold <aapold@c2i.net>  
**Til:** hordaland@egroups.com <hordaland@egroups.com>  
**Dato:** 2. mai 1999 02:43  
**Emne:** [hordaland] Om målbyte med meir.

I det eg skriv dette innlegget kjem det ei nyhet på radioen som burde vere av interesse for målfolk: Hordaland Mållag har fått gjort ei undersøking som viser at ein av tre nynorskelevar vil skifte til bokmål ved overgang til vidaregåande skule. Men Lars Bjarne meiner visst enno at målfolk ikkje skal drive nokon forsvarskamp. Når eg trekk fram døme frå målarbeid ulike stader i fylket, og hevdar at mykje av arbeidet har karakter nett av ein forsvarskamp, svarar han med spørsmålet om ikkje det er vår oppgave endre dette. Når eg trekk fram mållaga i Bergen, og ymtar om at vi har eit stykke veg å gå før vi får 200.000 bergensarar til å skrive nynorsk, svarar han med å vise til at Vestmannalaget konfronterer bokmålsbrukarar med målsynet deira. Lars Bjarne er, som han seier sjølv, utopist.

Men la oss like fullt gå inn på hans premisser. Spørsmålet vert då kva lokallaga i fylket skulle gjort annleis, som lekk i eit offensivt målarbeid? Brukar ikkje folk flest på Voss, i Ullensvang, i Ulvik nynorsk? Kva meiner Lars Bjarne mållaga her bør endre i arbeidet sitt for å auke nynorskprosenten på landsplan? Kva skal dei prioritere ned?

Elles vil truleg Lars Bjarne vere einig med meg i at mållaga i dei store byane må ta tyngste taket i arbeidet for nynorsk som einaste skriftmål. Igjen vert spørsmålet korleis. Vert det ikkje på eit tidspunkt vanskeleg, for ikkje å seie umogeleg å arbeide mot ein utopi, eit ideal om han vil, dersom ein samstundes ser at i røynda kverv målet or siktet? Gjev det meining å proklamere at nynorsk som einaste riktmål er målet, dersom talet på nynorskbrukarar samstundes går ned?

Og er det eit eigentleg eit ideal å strekkje seg mot at nynorsk skal vere einaste skriftspråket i landet? Gjev det framleis meining å snakke om nynorsk som det rotekte norske, til forskjell frå det norsk-danske bokmålet? Kor mange generasjonar skal gå før ein erkjenner at og bokmålet er norsk?

Lars Bjarne synest visst elles ikkje heilt om argumenta mine for nynorsk, i det han skriv:  
 >Men hev ein ikkje nokor grunngjeving for forsvarsarb anna enn td. at ein  
 >skal驱ra på i trass og er tverken, vert det like vanskeleg å motivera dei  
 >som hev nynorskbakgrunn til å halda på nynorsken som det vert å motivera  
 >bokmålsbrukarar til å skifta til nynorsk

For eigen del synest eg trass kan vere ein god eigenskap i ein skilde samanhengar. Elles viser eg til tidlegare innlegg når det gjeld argumenta mine for nynorsk. Berre eitt døme: For eit par år sidan var det skulemålsrøysting i Arna. Målfolk gjekk på dørene til folk for å diskutere saka, og eit av dei viktigaste argumenta våre var at nynorsken er eit er eit særmerke for Arna, til forskjell frå Bergen. Ved røystinga våren 97 vann nynorsken med overveldande fleirtal. Identitet og tilhørsle synest å vere gangbare argument for nynorsken.

Eg noterer meg elles at og Lars Bjarne trekk fram folk med nynorskbakgrunn som no skriv bokmål, og konklusjonen hans om at det botnar i ei manglande tru på nynorsken kan eg gjerne slutte meg til. Enten det no gjeld ein tidlegare leiar i studentmållaget eller ein tidlegare redaktør i "Gula". Med tanke på sistnemde som i sitt noverande arbeid som informasjonsrådgjevar er vorten bokmålsbrukar, kunne eg elles vere freista til å seie at språksyn og kan ha med posisjon i samfunne å gjøre. Spørsmålet er elles om ikkje Lars Bjarne og underteiknande vektlegg dette med målbyte ulikt, jamfør diskusjonen om forsvarskamp.

For å kome vidare i diskusjonen om målbyte kunne det vere av interesse å ha meir fakta.  
 02.05.99

Eg kjenner ikkje nærmare til undersøkinga Hordaland Mållag har gjort, men spørsmåla er mange: Kor mange byter frå nynorsk til bokmål, når gjer dei det, kva grunnar gjev dei sjølve, andre moglege forklaringar på målbyte? Kanskje noko for universitetsfolk med interesse for spørsmålet.

Spørsmålet om språkundertrykking er eit anna felt der vi skil lag. I motsetning til kva Lars Bjarne synest å tru, er det ikkje formelle, politiske vedtak som er problemet. Den formelle jamstellinga har vi. Problemet andsynes styresmaktene er at jamstellinga ikkje vert etterlevd i praksis.

Å snakke om undertrykking kan verke sjølvforsterkande, seier Lars Bjarne. Som elles kan kome med den oppsiktsvekkande opplysninga at ingen av dei tidlegare nynorskbrukarane Vestmannalaget har konfrontert, har oppgjeve undertrykking som grunn til skifte. Spørsmålet om det er språkundertrykking som ligg bak, er ikkje det første eg ville stille folk som byter. Det har litt med sjølvbilde å gjere. Men mange av oss har vel elles opplevd alt frå latterleggjering til direkte påbod om å skrive bokmål.

Språkundertrykkinga er for meg ein måte å forklare nynorsken sin relative svake stilling på. Som eg har sagt før: Folk byter ikkje til bokmål fordi det er eit bedre språk, men av andre grunnar. Språkundertrykkinga er ikkje heile forklaringa, men ein god fellesnemnar. Men Lars Bjarne har kanskje andre forklaringar?

Kva framtidssplanar for målreisinga har eg, spør Lars Bjarne. Kva visjonar, for uten visjonar vert vel arbeidet ikkje anna enn det daglege strevet? Kva visjonar har eg? Å setje seg ned og skrive eit program for mållaget er ei større oppgåve enn eg har lyst å ta på meg. Mitt målarbeid er det daglege strevet. Mine visjonar er å slåst for retten til skrive nynorsk, for at det å bruke nynorsk i alle samanhengar skal vere ei like sjølvsagt sak det å bruke bokmål. Så får eg heller leve med at Lars Bjarne kallar det stahet.

Arne Apold

PS: Eg brukar litt tid å svara i denne debatten. Lars Bjarne får ta det som eit teikn på at eg tar han på alvor.

---

Does your free web site address contain more  
letters than the alphabet? Register a domain name  
with DomainDirect. A domain and NO hosting fees.  
Visit <http://www.domainedirect.com> for full details

eGroup home: <http://www.eGroups.com/group/hordaland>  
[www.eGroups.com](http://www.eGroups.com) - Simplifying group communications

**Fra:** LARS BJARNE MARØY <lbmaroy@c2i.net>  
**Til:** hordaland@egroups.com <hordaland@egroups.com>  
**Dato:** 4. mai 1999 20:28  
**Emne:** Uppklåringar, undertrykkjing og eittspråkstina

Eg meiner at Arne blandar spursmåli kvifor og kva. Det er klårt me skal stoppa målbytet. Det er me heilt samde um. Det er lettare å verta samde um kva me skal gjera i fleire konkrete tilfelle enn å verta samde um grunngjevingi for det me skal gjera. Men utan at me hev grunngjevingar vert det vanskeleg for ikkje å segja uråd å driva offentleg og organisert målarb.

Arne er so upphengd i Vestmannalaget at han ikkje hev fenge med seg kva eg hev skrive um å vinna bergensarar og bokmålsbrukarar for nynorsk. Sidan Arne hev ytra at språket ikkje skal stengja for tanken, reknar eg med at det er høgnorsken min som sperrar for tankane mine. Eg hev ikkje sagt at det er nokon måte å vinna 200 000 bergensarar for nynorsk på ved å invitera bokmålsbrukarar til å halda fyredrag i Vestmannalaget. Det trengst langt meir arbeid for å uppnå dette.

Eg peika på fleire ting som eg meiner er viktig for målarbeidet og nytt Vestmannalaget til ein illustrasjon på at det krevst konfrontasjon med bokmålsbrukarar ! Kultur, ideal, daning og ikkje minst tematisering av språk er lykjelordi mine. Eg hev skrive um dei fyrr, og tek dei berre uppatt for å understreka kva eg vil leggja vekt på når ein skal驱ma målarb.

(Men um eg fyrst skal gå inn på Vestmannalaget trur eg Vestmannalaget gjer meir for å markera nynorsken offentleg enn mange andre, og ikkje minst for å markera nynorsken millom bergensarar. Me hev eit fasttimbra miljø. Me treng ikkje vera redde for at det skal koma folk på møti våre. På dei fleste møti våre kjem det minst millom 25 og 30 menneske.)

Vidare til uppklåring. Eg meiner det er heilt framifrå å nytt argument som identitet og tilhøyrla i Arna når ein gjeng på dørvitjingar i Arna og for den saks skulde andre stader. Ein må retta inn argumentasjonen etter den ein snakkar med. Det er folk flest som skal verta samde med oss. Ikkje me som skal verta samde med dei. Dette er faktisk nokso grunnleggjande i politisk arbeid etter mitt syn.

Undertrykkjungi er løynd og ingen vil vedkjenna seg at dei er undertrykte, segjer Arne. Undertrykkjungi er ein viktig grunn til at nynorsken ikkje stend sterkare, held han fram. Greidt nok dette er ein måte å sjå verdi på. Det skynar eg. Men um denne verdsåskodingi, um eg so fint skal segja, sperrar for alternativ tenkjing som kunde ha fremja nynorsken, og verkar som eg segjer sjølvforsterkande, då må det etter mitt syn vera lov til å koma med alternative innfallsvinklar. Eg meiner at det er språkleg kunnskapsløysa og respektløysa som er problemet heller enn maktrong millom folk i leidande posisjonar. Naturlegvis skal me kjempa mot denne kunnskapsløysa og respektløysa. Men skal me gjera det berre me å stå på vårt tykkjer ikkje det vert nok.

Når ein av rettleidarane mine i studietidi gav tydeleg uttrykk for at han ikkje gadd å lesa i Nynorskordboki eller ikkje kunde nynorskrettskrivingi, men likevel meinte at han hadde rett til å fastsetja korleis eg skulde skriva nynorsk utfrå sitt inntrykk av kva som var rett, vil 12.05.99

eg ikkje kalla det undertrykkjing. Eg vil kalla det kulturløysa. Slike folk treng å få sjå nynorsken i bruk endå meir og i viktige funksjonar. Det beste av alt var at rettleidaren min hadde nynorskbakgrunn. For ordens skuld her snakkar eg ikkje først og fremst um i-mål, men um elementær ordforståing td nekta han å skyna eit ord som godtgjera, og tykte at det vart rart språk av at eg skreiv og nyttja slike ord. Me kann vera so tverkne me berre vil, utan at me fær endra språkhaldningane til personar med makt og mynde i samfendet. Slike språkhaldningar fær me einast endra gjennom handling. Gjennom å mobilisera folk og gjennom å kjempa fram at nynorsken skal vera synleg og umdiskutert.

### So til Hordaland Mållag.

Arne spør kva lokallaga i fylket skulle gjort annleis, som lekk i eit offensivt målarbeid? Brukar ikkje folk flest på Voss, i Ullensvang, i Ulvik nynorsk? Kva meiner Lars Bjarne mållaga her bør endre i arbeidet sitt for å auke nynorskprosenten på landsplan?

Det første mållagi i Hordaland generelt sett kunde gjera onnorleis var å tenkja meir offensivt. Jardar Skaadel og Gunnar Røssland vart intervjua i Bygdanytt etter årsmøtet i Hordaland Mållag. Yverskrifti var : Me freistar å halda liv i eit vrak. Skaadel moraliserte yver utviklingi, og meinte at folk var for lite interessert i å driva organisert arb på ideelt grunnlag. Ei slik tenkjing byggjer på at målarbeidet skal gå av seg sjølv. Det er viktigare å konsentrera seg um kva som skal gjerast enn kvifor. Når ein ikkje finn nye svar på kvifor og ikkje greider å få folk med seg på slike diskusjonar, moraliserar ein. Og so vert ein redd for å tapa skansane. Kva må ikkje folk på Osterøy tenkja når dei les utsegni til Røssland ? Um ein ikkje hev offensive svar, og vert redd for å tapa, og når tapsprofitiane slær til og ein lagar seg nye, kjem ein ikkje langt.

Eg trur måten å få gjort noko på er å skapa målpolitiske miljø. Diskusjonsgrupper på sentrale stader i kommunane. Der folk kann koma saman og diskutera ein gong i vika, ein gong kvar fjortande dag eller liknande i eit ope lokale. Der kven som helst i prinsippet kann vera med.

Ein må samla alt det som er av aktive målfolk og andre tenkjande folk. Det første ein må sjå på er kva konkrete utbydingar ein hev i kommunen og i fylket. Kva er dei viktige samfundsumformande kreftene og korleis slær dei ut for oss. Dinenst kann ein sjå på utbydingar i det landsfemnande målarbeidet. Å reisa nasjonale samlingsstader kring store kunstnarar og målmenn er ovleg viktig.

Olav H. Hauge er ein av dei store nynorskdiktarane, og diktingi hans er alt umtykt. Det må utnyttast til å skapa blæst um nynorsken. Ulvik Mållag driv soleis etter mitt syn eit svært offensivt målarb som det stend age av. Elles meiner eg at ein må koma i ordskifte med bokmålsbrukarar so ofte som mogleg. Eller koma i situasjonar der ein kann syna at nynorsken er viktig og at nynorsken fremjar samfundsgagnlege fyremål som alle er samde um. Ein av lærarane i eit pressumråde sa det på denne måten : Eg gjer alt eg kann for at nynorskelevane skal verta flinkare enn bokmålelevane. Eg brukar å få høve til å segja at nynorskelevane vert flinkare enn bokmålelevane. Då vart det attraktivt å velja nynorsk.

Men nynorsk til einaste riksmål ! Eg skal her gjeva fasittsvaret på korleis me fær nynorsk til å verta einaste riksmål. Nei, det skal eg ikkje. Eg vilde berre forsikra meg um at de fylgjer med. Eg skal tvert um avgrensa meg til å peika på sume tilhøve som eg trur spelar inn når det gjeld å driva organisert målarbeid. Eg vonar at eg ikkje vert for langtekkjeleg i ei utolmodig tid.

Tilhøvet millom by og bygd er grunnleggjande for å bryta barrierar for nynorsken. Når

kommunane i Hordaland stend upp mot Bergen i offentleg sektor hev dei høve til å vinna fram. Sameleis kann nynorskkommunane i Hordaland stella krav til nynorske produkt frå næringslivet. Dei er sterke kjøpargruppor. Mållagi kann passa på at dette vert fylgt upp.

Utbydingi ligg i å gjeva prestisje til dei kringværi/miljøi som mållaget byggjer upp i lokalmiljøi. Det må verta status attum det å drive målarbeid. Gjev det status å vera boklærd,gjev det status å interessera seg for språk og samfund ? Kann me få samfundstoppene til å meina at språk er viktig,og deretter argumentera for nynorsk. Grunnlaget for dialog millom oss og maktpersonar i samfundet er innbyrdes interesser. Og språket kann i aller høgaste grad signalisera sams interesser. Men det er langt frå alltid.

Språk er svært viktig for stødt fleire menneske. Prosenten av menneske som tek høgare utdanning berre veks, og fleire og fleire yrke steller krav til at ein må nyttja språk på ein eller annan måte. Engelsk språkbruk vert ein del av kvardagen for mange m.a. innanfor undervisnings- og oljesektoren. I helsesektoren er både latinen og engelsken dominante. I datateknologien spreider engelske glosar seg fortare enn me rekk å umsetja dei. Likevel er det etter måten lite ordskifte kring språk og språkarbeid. Let me språket styra oss istadenfor å styra språket ? Det hev vore noko diskusjon kring dette,men enno er det for lite til at den ålmenne interessa tek seg upp. Språkteknologi er eit anna heitt spørsmål for tidi. Her treng me absolutt å skulera flest mogleg i målrørsla,og det er prisverdig at Bergen Mållag vil halda ein studiekveld um emnet. Elles hev Mål og Makt bladet til Studentmållaget i Oslo gjeve ut eit eige nummer med artiklar um språkteknologi. Her hev me høve til å markera oss og nynorsken i tide og ikkje koma halsande etter når det er for seint. Dette var berre noko til korleis ein kann tematisera mål og målsak.

Eg er yvertydd um at kommunane og mållagi kunde ha pressa meir på for å få nynorsken fram i Bergen. Innanfor friviljug sektor hev målrørsla nått mange mål,men enno er eg viss på at mykje av vaksenupplæringi og studiearbeidet i dei ulike studieforbundi og soleis heile den friviljuge sektoren kunde ha favorisert det gode arbeidet som folk i målrørsla gjer meir enn i dag. Det er opp til målfolki å utnytta dei opningane som det ligg til rette for å utnytta. Di større kunnskapar ein kann tilføra folk flest um språk og um nynorsken di betre. Og det er me målfolk som legg premissane for målinteressa millom folk flest. Det er ingen andre enn oss som interesser oss so sterkt for nynorsken.

Eg skal freista å verta meir konkret.

Bergen hev utdaningsprivilegium,um enn ikkje monopol.

Lat meg trekka ein historisk parallel når det gjeld utdaning : Kva skal til for at ein kann verta universitetsutdana i eit nynorskvenleg miljø ? Fram til 1960-talet måtte ein til byen for å få artium og av og til jamvel realskule. I dag let ikkje det til å vera mange som treng å reisa til byen for å få utdaning. Ialfall er det langt færre enn for 40 år sidan. Det hev styrkt kjensla og identiteten attum nynorsken mykje millom ungdomen.

Kva for nokre hendingar vil vera viktige for oss i dei neste 10 åri ? Kvar vil me styra utviklingi ? Eg hev ikkje allverdsens svar å gjeva på det spørsmålet enno. Men eg aktar å arbeida for å skaffa meg den informasjonen eg treng for å svara på det spørsmålet,og det meiner eg andre målfolk òg hev ein skyldnad til å gjera. Men då må ein vel ha eit mål um at ein vil driva aktivt målarbeid og vinna folk for nynorsk ? At ein jamvel vil strida for nynorsk til einaste riksmål. Alternativet tykkjest meg å vera å segja at samfundet er styrt av arbeid og produksjon. Då tek me andsvaret frå dei som er maktpersonar i samfundet og som hev det privilegiumet at dei kann handla og prioritera på vegner av oss alle. Me kann ikkje berre striitta imot. Me kann vera med å taka avgjerder og få pressa dei fram.

I sume høve vert det sagt at Hordalandskommunane og Bergen hev sams interesser og at Bergen og bokmålsbrukande bergensarar ivaretak Hordalands interesser. I andre høve er det nynorskkommunane som kann styra interessene. No tenkjer eg praktisk politisk. Eg trur det er viktigare i fyrste umgang at BT, universitetet i Bergen og Haukeland Sjukehus vert heilnorske (som Indrebø visst skreiv ein gong) / nynorske enn at bankar, forsikringsinstitusjonar og td. Fiskeridirektoratet i Bergen nyttar nynorsk. NB !! I fyrste umgang.

Det verkar i allfall lettare å argumentera for det fyrstnemnde. Universitetet i Bergen er ein tenesteinstitusjon for studentar og forskrarar som først og fremst kjem frå Vestlandet og frå nynorskkommunar. Soleis er det ikkje vanskeleg å vinna samhug for å markera den regionale identiteten samstundes som ein legg vekt på det nasjonale målet um at nynorsken skal syna att i landssamanhang. Eg viser her til utdrag frå eit innlegg eg skreiv i samband med at Studentmållaget arbeider for meir nynorsk på uib.

"På andre sentrale høgskular og universitet vert det nyttar meir enn 75 prosent bokmål. Med denne bakgrunnen tykkjer me det er viktig at ein prestisjefyldt institusjon som universitetet i Bergen viser at det er råd å profilera seg på nynorsk, og at nynorsken kan gjeva UiB eit serkjenne som kan verta til førebilete for dei høgre lærestadene elles i landet."

Her avgrensar me oss ikkje til jamstelling. Eg understrekar elles at det er universitetet sjølv som hev gjenge inn for at det skal nyttast meir nynorsk. 30 prosent nynorsk er målet som uib hev sett for heile verksemdi. Det nyttar å arbeida for nynorsk, og det finst argumentasjon for nynorsk som vinn fram er det likt til. Liknande argumentasjon kann utviklast eller arbeidast med for dei andre institusjonane.

Eg trur ein viktig faktor er langsiktig tenkjing. Eg meiner at målrørsla ligg under manglende evna til analytisk tenkjing langs aksen språk og samfund. Og eg meiner det er so elementært at ein må gå fram frå forståing, perspektivutvikling, strategisk tenkjing og måluppnåing. Dette er grovt skissert. Denne analysen trur eg likevel kann nyttast i fleire samanhengar. Slik tenkjing er grunnlaget for alt frå kommuneadm. til bedriftsleiding, og me kann finna idear til korleis me kann utvikla og draga vekslar på ei sånn analytisk tenkjing i målrørsla.

Naturlegvis er det noko anna å driva målarbeid samanlikna med å driva samfundsstyring. Men utan at me skynar korleis viktige endringar ber til i samfundet kann me heller ikkje skyna korleis me skal kunna gripa inn og endra samfundet. Resursane til målrørsla og til friviljug sektor i det heile ligg i å driva folkeupplysning, og skapa grunnlag for at folk ikkje berre vert måta etter rådande straumar i samfundet, men fær høve til å reisa kritikk og innvendingar mot makthavarane. Me må fremja folkedaningi, um det skal gå frametter med målreisingi. Det må igjen slå ut i at makthavarane endrar politikk.

Me sit på store kunnskapar i målrørsla, men er for lite utetterretta. Det er ein provokasjon frå meg. Strategiane vert for uklare og involverar for fåe. Når det kjem opp viktige ordskifte kjem dei ikkje gjenom i organisasjonen. Strategiane må vera med på å setja fokus i den offentlege

debatten. Eller dei må greida å få folk til å meina at me hev noko å fara med. Meinings- og ideologiproduksjon og blæstarb. alt må setjast inn i konkrete planar um å vinna folks tankar for det me driv på med. Eg tykkjer det må vera eit mål at Noregs Mållag kann greida å samla seg um ikkje berre prioriterte målsetjingar, men at ein òg kann taka sikte på å utvikla målpolitikk innanfor ulike umråde og at ein i ymse høve kann få samla heile organisasjonen um å handla i takt. Utspeli våre vert for spreidde og for lite

samanhengande. NMU hev faktisk vist seg å vera flinkare til å få heile organisasjonen til å stå samla um å gjera utspeI og aksjonar, serleg i samband med upplæringslovi. Det same var vel elles tilfelle på 1970-talet.

Istadenfor å diskutera målpolitikk er det vel mykje rett i ein påstand som at lokallagi berre gjer det dei vil. Sentrallekken greider ikkje godt nok å få fram ein dagsetel som kann inspirera lokallagi til å jobba heiIskapleg og utfrå landsfemnande siktemål. Det er for fåe av lokallagi som tek verkeleg andsvar for å jobba vidare med arb. programmet til NM, og den målpolitiske leidi som vert fastlagd av landsmøtet. Lokallagi treng råmor å arbeida innanfor. Men utan at medlemene diskuterar råmone kjenner dei seg ikkje forplikta til å fylgja upp målarbeidet innanfor dei råmone som landsmøtet fastset. Engasjementet er stort når det gjeld å leggja fram planar um kva som bør gjerast, men planleggjungi er for dårleg.

Dette var berre nokre tankar til kva som kann gjerast. Eg kann ikkje skissera korleis me kann koma i mål med arbeidet vårt, men eg vil so sterkt som råd er hevda at det er råd å arbeida nynorsken fram på ei rad umkverve og jamvel få han til å verta einerådande, so sant me kann tenkja oss at det kann skje.

**Fra:** Arne Apold <aapold@c2i.net>  
**Til:** hordaland@egroups.com <hordaland@egroups.com>  
**Dato:** 10. mai 1999 22:13  
**Emne:** [hordaland] Om parkeringsbøter og strategiar for målrørsla .

---

10 minutts parkering litt for nær eit gangfelt kosta meg 500,- kr tidlegare i kveld. Eg vurderer sterkt å be om å få bota på nynorsk. Så skal eg betale. Ikkje at eg trur målrørsla vinn fleire vene slike. Men det var dette med stahet.

I det siste innlegget sitt skriv Lars Bjarne ein del om korleis målrørsla kan/bør arbeide. Før eg går inn på det han skriv, har eg lyst å tenkje litt høgt omkring kva kriterium ein kan leggje til grunn ved vurdering av kva som er eit rett, langsigkt mål, ein rett strategi.

- For det første legitimitet. Er målet ein arbeider mot legitimt i tyding av at ein kan argumentere for det ut frå allment aksepterte forutsetningar? Er argumenta tufta på felles verdiar?
- Kva konsekvensar får gjennomføringa av prosjektet? Er eventuelle negative konsekvensar for andre så alvorlege at dei kan seiast å stille spørsmål ved heile legitimiteten til prosjektet?
- Er målet realistisk, kan ein med krav på å bli trudd argumentere for at dette er noko som er råd å få til? Innvendinga at noko er unrealistisk kan sjølv sagt verte brukt som eit vikarierande argument, men like fullt meiner eg dette må med. Eit legitimt mål er ikkje nødvendigvis rett dersom det er unrealistisk.

Eit eksempel frå eit anna felt der eg er engasjert; palestinaspørsmålet. For mange av oss har det vore ei innvending mot staten Israel at dette er ein stat eksklusivt for jødar, at retten til statsborgarskap direkte er knytt opp mot religion. Det palestinske svaret på dette har vore eit krav om at staten Israel måtte oppløysast og erstattast av ein stat med like rettar for alle. Lovverket i staten er enno det same, men uavhengig av dette har det vokse fram ein folkesetnad i Israel som først og fremst knyter den nasjonale identiteten sin til det å vere israelar, ikkje til det å vere jøde. Staten Israel har eksistert i 50 år. Uavhengig av kva ein elles måtte meine om FN sitt delingsvedtak frå 1947 og om staten Israel, så vert eit krav om oppløysing av staten etter kvart unrealistisk. Historisk urett vert ikkje rett med tida, men like fullt er det grenser for kor lenge ein kan argumentere ut frå historisk urett.

Mange i målrørsla har lenge stått på eittspråklina, slik eg oppfattar at Lars Bjarne og gjer. Viktigaste argumentet det eg veit er at nynorsken bygg på dei norske dialektane, i motsetnad til bokmålet som i sitt opphav er dansk. Å skrive nynorsk skulle innebere ei språkleg frigjering for folk flest. (tilhengarane av eittspråklina får korrigere meg om eg tar feil) Eg er ikkje filolog, men historisk trur eg denne argumentasjonen kan vere rett. Spørsmålet er berre om den er haldbar i dag. Må ein ikkje etterkvar erkjenne at og bokmålet er vorte norsk. Og, vil ikkje det å argumentere med at bokmålet i sitt opphav er dansk og at bokmålsbrukarar derfor bør skrive nynorsk kunne oppfattast som eit overgrep snarare enn ei språkleg frigjering? Er det realistisk å tru at ein gjennom (ideologiske) diskusjonar skal kunne overtyde bokmålsbrukarar om at dei bør skrive nynorsk? Viser ikkje målbyteproblematikken at det snarare er andre felt vi burde konsentrere oss om? Kva argumentasjon skal vi td nytte i spørsmålet om sidemåsstilen? At nynorsk er det einast rette, eller at nynorsken er ein del av kulturarven, og at særleg høgrefolk med sin kunnskapsskule burde sjå verdien av dette.

Lars Bjarne vil fremje målpolitiske miljø, diskusjonsgrupper der folk kan kome saman og diskutere. Vel og bra, men realismen i det? I ei tid der frivillige organisasjonar flest slit for å få folk til å engasjere seg, i ei tid der eg veit med meg sjølv at eg er langt meir selektiv med tanke på kva møte eg går på i dag enn for 10-20 år attende.

Vestmannalaget samlar 25 -30 på møta sine, fortel Lars Bjarne. I denne byen bur det over 200.000. Korleis vil Lars Bjarne skape desse miljøa der folk diskuterer seg fram til forståing av at nynorsken er det einaste rette?

Tilhøve mellom by og land er viktig, seier han vidare. Igjen kan eg vere einig. Men seier han ikkje indirekte med denne argumentasjonen at nynorsken er eit bygdefenomen. Kva med sentraliseringa vi har vore innom tidlegare? Hordaland ligg i det nynorske kjerneområdet. Landkommunane her kan presse gjennom nynorsk mot byen sin vilje. Men den som er tilhengar av eittspråklina må og kunne sannsynleggjere ei slik utvikling andre stader. Kva med Nord-Noreg, Oslo? Realistisk?

Det å drive målarbeid må få prestisje, seier Lars Bjarne. Javel, men korleis får målarbeidet prestisje? Ein litt annan innfallsinkel. Ei mogleg utvikling kan vere at nynorsken vert eit språk brukt av profesjonelle skribentar. Lyrikarar, forfattarar, kanskje einskilde journalistar. Språket ville nok få prestisje slik, i og med at det er språkkyndige folk som nyttar det. Men det kan samstundes vere ei sperre mot at andre skulle skrive nynorsk ved at lista for kva som er eit godt språk vert lagt høgt. I farten kjem eg på eit døme på ein journalist som sjølv hevdar han slutta å skrive nynorsk fordi han stendig fekk kritikk for språket sitt. Av målfolk.

Vi er for lite utadretta seier Lars Bjarne, og vidare seier han at vi må samle heile organisasjonen om meir enn berre enkelte sentrale saker. Igjen godt og vel, men korleis gjer ein det i praksis? Lokallaga gjer det dei vil, utan å kjenne seg forplikta av arbeidsprogrammet, er ei anna innvending han har. Med mi avgrensa kjennskap til Noregs Mållag trur eg det er ein organisasjon med svært stor individualisme. Noregs Mållag er ikkje ein sentralistisk organsasjon. Og bør kanskje ikkje vere det heller?

Eg blandar spørsmålet om *kvifor* (nynorsk) og *kva* (skal vi gjere), meiner Lars Bjarne. Kanskje det. Målbyte kjem sjølvsagt under spørsmålet om kva vi skal arbeide med. Eg meiner elles i tidlegare innlegg å ha sagt litt om kvifor. Om nynorsk som ein del av (kultur-)arven, om identitet, tilhørsle, om at det er ein demokratisk rett.

Men er no mangelen på ideologiske diskusjonar den største hemskoen for at målrørsla skal kome vidare? Eg veit ikkje, eg kjenner for lite til Noregs Mållag.

Avslutningsvis. Eg er usamd med målet om eitt språk, og eg tvilar på midla til Lars Bjarne. Slik skil vi lag. Kva er alternativet, spør han. Alternativet til eittspråklina er sjølvsagt jamstelling. Alternativet er å siåss mot at folk byter til bokmål enten ved overgang til vidaregåande skule eller når dei kjem i arbeid, alternativet er å siåss mot eit næringsliv i tradisjonelle nynorskstrøk som trur dei må nytte bokmål når dei vender seg til byfolk. Alternativet er å oppmuntre dei som nyttar nynorsk på utradisjonelle område. Alternativet er, som studentmållaget har gjort, å reise det legitime framleggjet om at universitetet i Bergen må nytte nynorsk. Alternativ er den seige, lange kampen for ei reel jamstelling mellom nynorsk og bokmål som to norske språk.

Arne Apold.

eGroups Spotlight:



**Kosovo-Reports** - Direct reports from Kosovo/Serbia/Yugoslavia  
<http://www.egroups.com/list/kosovo-reports>

eGroup home: <http://www.eGroups.com/group/hordaland>  
[www.eGroups.com](http://www.eGroups.com) - Simplifying group communications